

Kjære 8. klassing  
og foreldre/føresette!

# Snart Konfirmand

- innskriving til konfirmandåret 2023/2024

2024  
KONFIRMAND



Hatlestrand sokn  
Varaldsøy sokn  
Ølve sokn



**VIKTIG!**  
Påmelding i 2 trinn!  
Informasjon og innskriving  
i Hatlestrand kyrkje,  
tysdag 13. juni kl 15.00

Endeleg påmelding  
på [www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no)  
innan måndag 14. august

# Kjære deg!

No vil kyrkjelyden din invitera deg til å vera med oss i konfirmasjonstida 2023/2024.

Konfirmasjonstida er ein viktig del av trusopplæringa i kyrkja vår, så vi reknar med at de som er døypte og medlem av Den Norske Kyrkja vert med på konfirmasjonsopplegget. Skulle nokon likevel finna ut at dei ikkje ynskjer å vera med på konfirmasjonsdagen, kan vi koma tilbake til det seinare.

Dersom du ikkje er døypt, kan du vera med i konfirmasjonstida, bli kjend med trua og velje om du vil bli døypt undervegs.

Konfirmasjonsdagen er for dei som er døypte.

## Konfirmasjonstida hos oss har fylgjande opplegg:

- **8 gudstenester**, inkludert presentasjonsgudsteneste, lysmesse, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste.
- **Konfirmantsykkelur frå Ølse til Varaldsøy. Overnatting i Hestviken**  
16.-17. sept med konfirmantprestentasjon på søndagen
- **4 samlingar etter skuletid**
- **Weekend til Brandøy 13.-15. oktober 2023**  
(evt. ei kveldssamling for dei som ikkje har høve til å vera med.)
- **Fasteaksjonen** i mars
- **Førebuing** til lysmesse, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudstenesta
- **Tilbud om å vera med på Nattcup innebandy laurdag 11. november**  
GRATIS for konfirmantar å vera med og spela i turneringa.

- Sjå info-boks

Alle konfirmantane er i utgangspunktet påmeldt på weekend, sidan det er ein del av opplegget.  
**Dei som IKKJE kan vera med, må gi beskjed innan mandag 2. oktober!**

MEIR INFO OM DETTE FÅR DE I PROGRAM FOR WEEKEND SOM VERT SENDT UT I STARTEN AV HAUSTEN.



# Informasjon og innskriving i Hatlestrand kyrkje, tysdag 13. juni kl. 15.00

På denne samlinga håpar vi at ein av foreldra/føresette vert med.

Fyll ut og ta med svarslien som konfirmant og foreldre/føresette har skrive under på. Denne får kvar konfirmant levere før ein går heim.

**NB! ALLE** må deretter **registrere konfirmantane på internett**. Då går de inn på [www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no). Velg "Konfirmasjon" under Snarvegar og klikk deg inn på artikkelen om påmelding til konfirmasjonstida. Gå vidare til skjema for heile kommunen og **fyll ut før mandag 14. august**

NB! Sjekk på [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) folkeregister korleis namnet til konfirmanten skal skrivast og før rett namn på innmelding. Dersom nokon endrar på namnet etter innmelding, må de gje beskjed til kyrkjekontoret.

## Kostnader:

Weekend til Brandøy 13.-15. okt kjem på **kr. 1000,-**. Dette inkluderer både reis, aktivitetar og kost og losji heile helga. De får tilsendt faktura som e-post for denne innbetalinga. NB! Ikkje vær redd for å gi beskjed om de ynskjer delbetaling, eller t.d. utsette 1 mnd, så ordnar me det! Sokneråda vil vera med og sponse litt av utgiftene elles.

## Presentasjonsgudsteneste:

Felles presentasjonsgudsteneste  
for Hatlestrand, Varaldsøy og Ølve sokn

**Varaldsøy kyrkje** .....Søndag 17. september.....kl. 11.00

Det er fint om de som foreldre/føresette er med på dei gudstenestene som konfirmanten deltek på i løpet av konfirmasjonstida.

## Konfirmasjonane 2024:

**Ølve kyrkje** .....Kr. Himmelfartsdag 9. mai.....kl. 11.00

**Varaldsøy kyrkje** .....Laurdag 11. mai.....kl. 11.00

**Hatlestrand kyrkje** ....Sundag 12. mai .....kl. 11.00



**Vi ynskjer at konfirmasjonstida skal bli ei fin tid for kvar einskild.  
Då er det viktig at alle gjer sitt til at det skal lukkast,  
og vi har sett opp nokre ordensreglar:**

- 1) **Møt presis** til alle samvær (helst nokre minutt før).
- 2) **Fråvær.** Har du god grunn til å vera borte frå eit samvær, må føresette be deg fri på førehand (andre fritidsaktivitetar er vanlegvis ikkje gyldig grunn.)  
Er du borte frå undervisningssamvær p.g.a. sjukdom, må konfirmantlærar/prest få melding seinast dagen etter (gjerne på SMS eller mail).  
Må nokon ha fri frå ei av dei gudstenestene som alle skal vera med på (t.d. lysmassa), må vi få beskjed så lang tid på førehand at konfirmanten kan møta på ei tilsvarende gudsteneste i ei av dei andre kyrkjene.
- 3) **Ta med til kvart undervisningssamvær:**  
Bibel, Kristuskrans og skrivesaker.
- 4) **Ro og orden.** I alle samvær skal det vera ro og orden som gjev høve til konsentrasjon og arbeid. Slik kan utbytte av samværa verta best mogeleg.
- 5) **Mobiltelefonar.** På undervisningssamværa har me mobiltelefonen avslått/lydlaus.

**Så ynskjer vi vel møtt  
og vonar det vert ei fin konfirmasjonstid med gode opplevingar!**



Med venleg helsing

**Kjersti Brakestad Boge**

Sokneprest

[kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no](mailto:kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no)

**Tlf.: 95 26 20 22**

Kyrkjekontoret i Kvinnherad  
Klubbavikjo 9, 5451 Valen  
Tlf.: 90 53 19 10 (Ikkje SMS)  
[post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no](mailto:post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no)  
[www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no)



**Ei levande kyrkje**  
- i Kvinnherad

**TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA**

Ta denne svarslien med og levér på innskrivinga tysdag 13. juni kl. 15.00.

Eg ynskjer å ta del i konf.opplegget i Hatlestrand/Ølve/Varaldsøy sokn og er kjend med ordensreglane.

Konfirmanten si underskrift: .....

Vi/eg ynskjer at barnet vårt/mitt skal delta i konfirmasjonstida og vil legga til rette slik at han/ho kan delta i konfirmasjonsprogrammet, og såleis få best mogeleg utbytte av tida.

Føresette sine underskrifter: .....

Mobil forelder:

.....

Mobil konfirmant:

E-post (foreldre/føresette): .....